

Referat etter møte i Kviteseid sokneråd
onsdag 28. september kl. 18.00
På kommunehuset i sal 'Brunkeberg'

Innkalla:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Kvalbein, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Hans Kristian Aabø, Vidar Syrtveit Mikalsen, 1.vara Reidun Øvrebø Fisketjønn

Sokneprest Rune Lia (vikar)

Kommunens representant Tore Åsland (var til stades på dei to fyrste orienteringssakene)

Etter meldte forfall vart også 2. vara Astrid Grave Aase og 3. vara Jan Rune Bjørnson innkalla.

Kyrkjeverge Kristen Salmelid (referent)

Forfall:

Magnhild Kvalbein, Gunn Karin Eikåsen, Vidar Syrtveit Mikalsen og Astrid Grave Aase

Opning ved sokneprest Rune Lia

Servering ved Reidun Øvrebø Fisketjønn.

Kaffi frå kontoret

Mail kopi til revisor Mariann Todal, ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreassen og prost Asgeir Sele.

Referat:

Sak 54/16 (SR)	Innkalling og saksliste	HB
	<p>Vedtak: Innkallinga og sakslista vart godkjend med fylgjande kommentarar:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Budsjettforslag er send kommunen utan behandling i soknerådet. For ettertida må det vedtakast i soknerådet fyrst. Kyrkjevergen forklara saka med at budsjettet for 2016 vart vedteke så seint som i juni, og det vart då sagt at budsjettforslaget for 2017 ville bli svært likt, med unntak av lønsreguleringane frå KA.2. Rekneskapsrapportar gjennom året bør setjast opp som eigne saker, og ikkje berre som orienteringar.	
Sak 55/16 (SR)	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 01.06.2016	HB
	<i>Referatet frå sist møte var lagt ved innkallinga.</i>	

	<p>Vedtak: Referatet frå soknerådsmøtet 24.08.2016 sendt ut på mail 01.09.2016, vart godkjend. Det ble sagt at referatet hadde feil datoar i sak 44/16, men det stemmer ikkje ser kyrkjevergen nå i ettertid. Det var oppført med rette datoar.</p>	
Sak 56/16 (SR)	Post og meldingar	HB
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Rekneskapsrapport pr. juli vart send ut saman med siste referat av di det ikkje var klart til møtet. Det blei kommentert av kyrkjevergen og rådsmedlemmar. Referat frå august var ikkje ferdig frå kommunen si side. 2. Budsjettforslag for 2017 er levert til kommunen ved frist 9/9. På formannskapsmøte 28.9 vart det ikkje orientert om budsjettet, men det skal vera ferdig i administrasjonen 21/10, vedtak i formannskapet 30/11 og i kommunestyret 15/12. Soknerådet vart einige om ei prioritering på investeringsbudsjettet som kommunerepresentanten noterte. Kyrkjevergen blei beden om å få laga ein rapport og sakkunnig vurdering om tilstanden på taket på Kviteseid gamle kyrkje for å sjå kor prekært vedlikehaldet av taket er. Kyrkjevergen vil da også ta med taket på Vrådal kyrkje. Det ble orientert om at Riksantikvaren eller andre førebels ikkje har teke på seg noko ansvar for finansiering av kyrkjene frå middelalderen i Noreg. Difor ligg ansvaret enn så lenge på kommunen. Det må også undersøkjast om det finst andre finansielle kjelder. 3. Kyrkjevergen og sekretæren på kyrkjekontoret har arbeid med oppdatering av festarar av graver. Faktura blir etter planen sendt ut medio oktober og vil då gå til omlag 50 ekstra som var falne ut av systemet, eller ikkje har betalt feste dei siste åra. 4. Orientering frå møte i AU 6.9. (Au-sak 02.16: Vurdering av løns- og arbeidshøve for kyrkjevergen.) Vedtaket lyder: «Med atterhald om at soknerådet finner rom for det i budsjettet, er AU positive til lønsplassering i hht KA's HTA lønnsgruppe 5 med full ansiennitet med verknad frå 01.08.2017.» 5. Arbeidsgruppa for innsamling til barne- og ungdomsarbeidar (ref. Sak 49/16) har ikkje funne nok folk som vil vera med. Vi bruker litt meir tid til å finne kandidatar. Saka må modnast litt. 6. Nye medlemmer i trusopplæringsutvalet (ref. Sak 39/16 og 48/16) er like vanskeleg å finna folk til. Det er dei same som vert spurd. Fleire spurde er mykje opptekne med kristeleg verksemd på Misjonshuset. Vi må fortsatt leite. 	<p>KS</p> <p>KS</p> <p>KS</p> <p>HB</p> <p>HB</p> <p>HB</p> <p>KS</p> <p>KS</p> <p>KS</p> <p>HB/KS</p> <p>KS</p>

	<p>7. Trusopplæringsplanen, ref. Sak 47/16. Planen er i all hovudsak godkjend, men må rettast på nokre få punkt. Det fylgjer kyrkjevergen opp.</p> <p>8. Kyrkjevergen var på konferanse med prostar og kyrkjeverger i bispedømet 14-15.9. Fokus på m.a. diakoni, ungdomsarbeidet (ref. folder sist møte), og folkekyrkje vs. 'kjernemenighet'.</p> <p>9. Det er ingen ting nytt om den vakante prestestillinga. Prosten leiter og undersøker forskjellige moglegheiter. SR avgjer på neste møte i november om vi vil be om ein ny runde med utlysing.</p> <p>10. Elektronisk inn- og utmelding av Den Norske Kyrkje vart open for publikum 15. august. Dei fyrste vekene meldte 25.000 seg ut og 5.000 inn. «Det er berre promiller av den totale medlemsmassen og utgjer ingen dramatik» meiner biskopen.</p> <p>11. * Fleire i soknerådet har fått spørsmål frå folk i Vrådal om høgtidsmessa 1. juledag som er tatt ut av gudstenestelista. SR er glad for det gode engasjementet og forsøker å finna ein moglegheit for å ha messa i Vrådal likevel, men då kl. 13.00.</p> <p>12. * Ny avtale om samarbeid om HMT (Helse, miljø og tryggleik), er underteikna av prosten og kyrkjevergen.</p> <p>13. * I 2017 er det 500 års jubileum for reformasjonen. Den skal markerast med ei festgudsteneste i alle kyrkjene i bispedømet / landet på same dato:</p> <p>14. * Kollekten 23. oktober vart etter oppmoding frå biskopen vedteke å gå til TV-aksjonen /Røde Kors.</p> <p>Forslag til vedtak: Orienteringane vart tekne til vitande.</p> <p>Orienteringssak 11-14 var nye etter at innkallinga var utsend.</p> <p>Vedtak: Som foreslege.</p>	
<p>Sak 57/16 (SR)</p>	<p>Retningslinjer for fellesmøta i Kviteseid</p>	<p>HB</p>
	<p>Komiteen for fellesmøta har utarbeidd forslag til nye retningslinjer for dei årlege felles arrangementa mellom dei forskjellige kyrkjene og organisasjonane i Kviteseid. Soknerådet må ta stilling til dette slik at mandatet for komiteen vert klart.</p> <p><i>Vedlegg:</i> Forslag til retningslinjer for fellesmøte i Kviteseid</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet godkjenner dei framlagde retningslinjene for fellesmøta i Kviteseid.</p>	

	Vedtak: Som foreslege.	
Sak 58/16 (SR)	Forslag til plan for gudstjenester/messer 2017	RL
	<p>Sokneprest, organist og kyrkjeverge har saman utarbeidd forslag til fordeling av dei forordna gudstenestene i Kviteseid sokn.</p> <p>Vi forsøker å lage ein fast struktur kvar månad slik at det vert lettare å hugse og fylgje, og for at dei andre som har kristne møte i Kviteseid kan leggje sine program etter kyrkja sitt program.</p> <p>Ein <u>vanleg månad</u> vi ha messe i Kviteseid 1. og 3. sundag, i Brunkeberg, Vrådal, Fjågesund og Kilen 2. og ev 5. sundag. 4. sundag vert vanlegvis utan nokon messe då prest og organist skal ha ein helg fri kvar månad.</p> <p>Forslaget er orientert om i stabsmøte 20.9.</p> <p>Brev frå prosten om forslag til ny forordning for Kviteseid, vart lagt fram på møtet.</p> <p><i>Vedlegg:</i> Forslag til fordeling og plassering av messene i Kviteseid sokn 2017</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vedtek det framlagde forslaget som ramme for fordeling mellom kyrkjene i tråd med biskopens forordning og ressursane vi har. SR ynskjer at sokneprest saman med staben skal kunne gjera naudsynte endringar.</p> <p>Handsaming: SR var nøgd med ramma som var sett opp med faste sundager kvar månad for gudstjenester i Kviteseid, ein fast sundag kvar månad utan, og resten fordelt på dei andre kyrkjene. Kyrkjevergen snakkar med prosten om forslaget til ny gudstenesteforordning for Kviteseid.</p> <p>Vedtak: Endeleg forslag til gudstenesteliste vert førelagd SR for vedtak på neste møte.</p>	
Sak 59/16 (SR)	Aktuelle saker frå soknepresten	RL
	<ul style="list-style-type: none"> Førebuinga til teaterstykket 'BRAND' av Henrik Ibsen ved Teater Ibsen i Kviteseid kyrkje tysdag 8. november, går sin gang. Det vert ein oppfylging med temakveld i kyrkja 14. nov. kl. 19.00 ved mellom anna psykiater Arne Austad om 'Sunn og usunn tru – med utgangspunkt i Henrik Ibsens BRAND'. Sjå omtale i siste Kyrkjeblad (nr 3-2016). 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Vrådal kyrkje har vore utan klokkar i nokre år. Astrid Breivik har nå sagt seg viljug til å vera ulønt friviljug klokkar på dei fleste gudstenestene. • Konfirmantsak Vest-Telemark. Arbeidet vert kalla 'Ønsket og elsket'. Sommarleiren er på Gjennestad vidaregåande skule (kvart år i veke 26) i juni/juli. Vest-Telemarktreffet som i fleire år har vore i Vinje, er av prosten og ungdomspresten føreslege flytta til Seljord. Då blir det ein fredagskveld for våre næraste kommunar, og laurdagskveld for kommunane i Midt- og Aust-Telemark. (Den siste flytta frå Bø). SR støtta forslaget. • Orientering om program for årets konfirmantkull i Kviteseid blei lagd fram etter tilføyingar frå konfirmantanes føresette. SR ynskjer at fest for konfirmantane frå heile soknet med føresette, skal halde fram. Festen leggjast til grendehuset på Morgedal etter samtalegudsteneste i Brunkeberg søndag 30. april. Soknerådet tek ansvar for det praktiske med hus og mat, mens soknepresten tek seg av innhald og program. • Oppfølging KYRKJELYDSTUR 2017 (ref. info på sist SR): Detaljert program utarbeidd av soknepresten og eit reiseselskap blei lagd fram. Det er ein 6 dagars tur frå torsdag 27. juli til tysdag 1. august, med høgdepunktet: Spelet om Heilag Olav på Stiklestad Olsok laurdag 29. juli. SR er veldig positive til tiltaket og det rike, interessante og varierte programmet, og ynskjer at det skal gjerast kjend. Med 30 påmelde kan kostnaden bli om lag kr 7.500 pr vaksen, og med 50 påmelde om lag kr 6.600. • Soknepresten lufta tankar om eit mogleg Landstad-spel i Kviteseid til sommaren, i samband med Landstad-dagar i Seljord i midten av august. SR oppmoda han til å arbeide vidare med dette. 	
Sak 60/16 (SR)	Møteplan soknerådet 2016/2017	HB/KS
	<p><u>Soknerådsmøta hausten 2016</u> (tatt bort møtet i desember):</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>(Diakoniplan-kurs v/Eilev Erikstein: 20. okt 18-21 i Brunkeberg kyrkjestoge)</i> • Onsdag 9. november (SR) <p><u>Våren 2017:</u> (reduisert med eit møte og endra datoar frå sist forslag)</p> <ul style="list-style-type: none"> • 11. januar (SR/FR: Budsjettsak) • 1. mars (SR) • 26. april • 7. juni <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vedtek den foreslegne møtefrekvens og plan.</p> <p>Vedtak: Som foreslege.</p>	

Sak 61/16 (SR):	Eventuelt	
	<p>1. Saker til neste møte:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Ofringar 2017 (eit samla eller fleire misjonsprosjekt?) ○ Soknerådsleiar Håkon Birkeland orienterte om at leiar og nestleiar av soknerådet er valde for eit år, og at han ikkje ynskjer å halda fram som leiar frå 2017. Førebels har Hans Kristian Aabø sagt seg viljug til å stille som kandidat til leiarvervet. 	